



Saksframlegg

Krav om erstatning – prosessvarsel frå Telemarkrøye AS

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		19.08.2026
Kommunestyret		17.09.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Fyresdal kommune - Prosessvarsel.pdf
- 2 Kvale Advokatfirma uttale kloring av drikkevann
- 3 Samla saksprotokoll - Søknad om kompensasjon for tap av yngel - Telemarkrøye
- 4 Søknad om kompensasjon for skade forårsaket av klorholdig vann levert til vårt yngelanlegg på Molandsmoen 3.pdf

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune fekk i februar 2025 eit prøveresultat som viste at ei vassprøve frå Fyresdal vassverk ikkje var tilfredsstillande. Kommunen varsla abonnentane om kokevarsel og sette i verk gjennomspyling av leidningsnett og lett kloring for å verne innbyggjarane mot mogleg ureina drikkevatt. Varselet gjekk og til dagleg leiar i Telemarkrøye AS. Det blei ikkje sendt særskild informasjon om at kloring var eitt av tiltaka som blei gjennomførte.

Telemarkrøye AS opplyste seinare at 325 114 yngel døydde 21.–22. februar 2025, og gjorde gjeldande at fiskedøden skuldast klorhaldig vatn frå det kommunale vassverket. Selskapet oppgav påløpte kostnader på 1 330 552 kroner og viste i tillegg til eit vesentleg framtidig inntektstap. I søknad motteken 26. mai 2025 bad selskapet kommunen vurdere kompensasjon, mellom anna i form av fritak for husleige.

Kvale Advokatfirma vurderte i februar 2025 at kommunen ikkje hadde opptredd erstatningsutløysande. Vurderinga bygde mellom anna på at kommunen hadde varsla abonnentane og gitt råd om koking i samsvar med drikkevassforskrifta, at forskrifta ikkje påla kommunen å informere abonnentane om alle tiltaka som blei gjennomførte, og at Telemarkrøye AS var nærast til å kjenne og avverje risikoen ved bruk av kommunalt drikkevatt i yngelproduksjonen. Kvale peika samstundes på at det ville vore enkelt å varsle om kloring, og at konklusjonen om ansvar derfor ikkje var sjølvsgd.

Formannskapet avsto søknaden samrøystes 11. juni 2025 i sak 40/25. Kommunestyret opprettholdt avslaget 19. juni 2025 i sak 47/25 med ni mot fire røyster. Eit alternativt framlegg om tolv månader fri husleige, utan at kommunen vedgjekk ansvar, fekk fire røyster.

Stokkeland Advokat DA sende 16. juli 2026 prosessvarsel på vegner av Telemarkrøye AS. Det blir varsla rettslege skritt dersom partane ikkje finn ei minneleg løysing. Selskapet held fast ved eit direkte tap på 1 330 552 kroner og varslar i tillegg krav om tap nettoforteneste på fleire millionar kroner. Advokaten meiner kommunestyret kan ha bygd avgjerda i 2025 på mangelfull eller misvisande informasjon, særleg når det gjeld tidlegare varsling og dialog mellom vassverket og Telemarkrøye AS.

Kommunedirektøren oppfattar prosessvarselet som eit fornya krav i ei sak som allereie er politisk avgjort. Når det no er varsla rettslege skritt og gjort gjeldande at den førre politiske behandlinga bygde på mangelfulle opplysningar, finn kommunedirektøren det likevel rett å leggje saka fram for politisk nivå på nytt.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; God økonomistyring og bruk av kommunen sine økonomiske ressursar til beste for fellesskapet

Prosessvarselet viser til tvistemålsloven § 5-2. Kommunedirektøren legg til grunn at det er tvisteloven § 5-2 som er meint. Etter denne føresegna skal den som tek imot eit prosessvarsel, innan rimeleg tid ta stilling til kravet og grunnlaget for det.

Fristen på tre veker i brevet er sett av Telemarkrøye AS sin advokat og er ikkje ein lovfastsett frist som bind kommunen. Fordi endeleg stillingtaking i denne saka ligg til politisk nivå, vil kommunen orientere om at saka blir lagd fram til politisk behandling, og gi endeleg svar etter at vedtak er fatta.

For at kommunen skal vere erstatningsansvarleg, må det liggje føre eit ansvarsgrunnlag, årsakssamanheng og eit dokumentert økonomisk tap. Kommunedirektøren meiner framleis at det ikkje er sannsynleggjort eit ansvarsgrunnlag for kommunen. Det er derfor ikkje nødvendig å ta endeleg stilling til alle sider ved årsakssamanhengen eller tapsutmålinga for å avgjere om kravet skal takast til følge.

Anførselene i prosessvarselet:

Advokaten har ikkje formulert konkrete spørsmål, men har lista opp moment som etter hans syn talar for ansvar. Desse blir vurderte slik:

Kvale si atterhaldsvurdering

At Kvale skreiv at konklusjonen ikkje var sjølvsgd, viser at det finst prosessrisiko. Atterhaldet er ikkje det same som at vilkåra for erstatning er oppfylte.

Den samla vurderinga frå Kvale var at kommunen ikkje hadde opptreidd erstatningsutløysande, og kommunedirektøren meiner prosessvarselet ikkje inneheld dokumentasjon som endrar denne hovudkonklusjonen.

Tilvisinga til Høgsterett

Eksempelet om oppdrettsfisk som døydde etter brot på straumforsyninga, er ikkje direkte samanliknbart med denne saka. Det blei brukt som illustrasjon på kravet om at ei skadefølgje må vere pårekneleg.

Kommunedirektøren byggjer ikkje konklusjonen åleine på dette eksempelet, men på ei samla vurdering av varslingsplikta, risikoplasseringa og partane sine høve til å førebyggje tapet.

Planlagd kloring

Det er ikkje omstridd at kloringa var ei medviten og planlagd handling. Tiltaket blei likevel gjennomført som eit hygienisk tryggingstiltak etter eit avvikande prøveresultat, med sikte på å verne liv og helse.

At handlinga var planlagd, inneber ikkje i seg sjølv at ho var aktlaus eller erstatningsutløysande.

Kokevarsel, men ikkje varsel om kloring

Kommunen varsla straks om avviket og gav råd om koking. Kvale vurderte at drikkevassforskrifta ikkje påla kommunen å informere abonnentane om alle tiltaka som blei gjennomførte for å rette avviket.

Manglande særskilt varsel om kloring er likevel eit moment i den alminnelege aktsemdsvurderinga. Etter ei samla vurdering meiner kommunedirektøren at dette ikkje etablerer ansvar, særleg fordi det ikkje var inngått avtale om særskild varsling og Telemarkrøye AS kjende den særlege sårbarheita i eiga drift.

Påstått klornivå og årsakssamanheng

Prosessvarselet legg til grunn at kommunen klora på eit nivå som drap yngelen. Det er ikkje lagt ved målingar av klorkonsentrasjon, sakkunnig vurdering av årsakssamanhengen eller annan dokumentasjon for denne påstanden.

Sjølv om kloringa blir lagd til grunn som årsak til fiskedøden, må det i tillegg liggje føre eit ansvarsgrunnlag for at kommunen skal vere erstatningsansvarleg.

Betalt vassforsyning

At Telemarkrøye AS betaler gebyr for kommunalt vatn, inneber ikkje i seg sjølv at kommunen garanterer at vatnet til kvar tid er eigna til ei særleg og svært sårbar bruk i yngelproduksjon.

Den kommunale vassforsyninga skal først og fremst levere trygt drikkevatn. Ei verksemd som nyttar vatnet i ein prosess med vesentleg større sårbarheit enn vanleg bruk, må sjølv vurdere nødvendige tryggingstiltak og eventuelle særavtalar.

Tidlegare varsling og påstått etablert praksis

Telemarkrøye AS hevda og i 2025 at normal praksis var særskild varsling. Den førre saksframstillinga opplyste at kommunedirektøren ikkje kjende til ein etablert praksis utover det generelle varslingssystemet, og at det ikkje var inngått eiga avtale.

Dette var ikkje ei opplysning om at det aldri hadde vore kontakt eller enkeltståande varsel. Prosessvarselet legg ikkje ved tidlegare varsel, datoar eller annan dokumentasjon som viser ei bindande eller fast ordning.

Sjølv om tidlegare enkeltvarsel skulle bli dokumenterte, vil dette ikkje utan vidare etablere ei garanti- eller erstatningsplikt.

Skilt ved vassverket etter hendinga

Det blir hevda at det etter hendinga er sett opp skilt om at Telemarkrøye AS skal varslast før kloring. Dette er det eit førebyggjande tiltak etter at risikoen blei tydeleggjord.

Eit slikt etterfølgjande tiltak er ikkje i seg sjølv ei vedgåing av at kommunen hadde ei rettsleg plikt eller handla aktlaust før tiltaket blei etablert, meir eit teikn på velvillighet i kommunen.

Løpande dialog ved omkoplingar og andre tiltak

God og løpande driftsdialog er ønskjeleg og kan redusere risiko. Dialog ved enkelte tidlegare hendingar er likevel ikkje det same som ein avtale om at kommunen tek over ansvaret for Telemarkrøye AS sin produksjonsrisiko.

Verksemda var sjølv nærast til å kjenne konsekvensane av små endringar i vasskvaliteten og til å etablere reservevatn, overvaking, reinsing eller ei uttrykkeleg varslingsordning.

Økonomiske og prinsipielle omsyn

Det dokumenterte materialet inneheld ikkje underlag for det oppgitte direkte tapet på 1 330 552 kroner eller berekning av det varsla følgjetapet på fleire millionar kroner. Det økonomiske omfanget av eit eventuelt krav kan dermed bli vesentleg, men er førebels ikkje tilstrekkeleg dokumentert.

Ein trussel om søksmål inneber ein reell prosess- og kostnadsrisiko for kommunen. Kvale si atterhaldsvurdering viser og at utfallet av ei eventuell rettssak ikkje kan reknast som sikkert. Kommunedirektøren meiner likevel at prosessrisiko åleine ikkje gir grunnlag for å bruke kommunale midlar til kompensasjon eller inngå ei minneleg løysing når kommunen ikkje meiner det ligg føre erstatningsansvar.

Saka må og vurderast i lys av at kommunen skal forvalte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet. Ei utbetaling, eit husleigefritak eller ei anna økonomisk yting utan at kommunen erkjenner ansvar, vil like fullt vere bruk av kommunale midlar.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at prosessvarselet gir eit nytt sakleg grunnlag for ei slik yting samanlikna med vurderinga kommunestyret gjorde i 2025.

Konklusjon:

Prosessvarselet inneheld ei skarpare rettsleg varslings og meir konkrete anførsler om tidlegare kontakt mellom vassverket og Telemarkrøye AS. Det er likevel ikkje lagt fram dokumentasjon på ei bindande varslingsordning, klorkonsentrasjon, årsakssamanheng eller storleiken på tapet som endrar grunnlaget for kommunen si tidlegare vurdering.

Kommunedirektøren meiner framleis at kommunen handla for å sikre trygt drikkevatn, at den forskriftsfesta varslinga til abonnentane blei gjennomført, og at Telemarkrøye AS sjølv var nærast til å kjenne og sikre seg mot den særlege risikoen ved bruk av kommunalt vatn i yngelproduksjonen.

Kommunedirektøren kan derfor ikkje sjå at det ligg føre kommunalt erstatningsrettsleg medansvar for fiskedøden.

Det er etter kommunedirektøren si vurdering ikkje grunnlag for å endre kommunestyret sitt vedtak i sak 47/25, erkjenne ansvar, yte kompensasjon eller gå inn i ei minneleg økonomisk løysing.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune held fast ved kommunestyret sitt vedtak i sak 47/25 frå 19. juni 2025. Erstatningskravet og førespurnaden om ei minneleg økonomisk løysing frå Telemarkrøye AS blir ikkje tekne til følgje.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk